



Gjestetalet på Dønhaug er gjenstand for usemje mellom kommuneleiinga og Dønhaug-vert Magne Huglen. Dette er låvebrua under eitt av arrangementa i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I samband med skjenkekontroll-saka etter konserten med Vassendgutane før påska har kommunen minna om eit formannskapsvedtak der det vart sett ei grense på 250-300 gjestar for låven når skjenkeløyva skal nyttast. No har Magne Huglen skreve i eit brev til kommunen at hvis grensa skal gå ved dette talet ”må me berre avlysa resten av arrangementa og ta dei økonomiske forpliktelsane som følg med det”.

Huglen opplysar at tapet då vil kunne avgrensast til rundt 350.000 kroner, men skal dei køyra arrangementa med 250-300 gjester vil underskotet bli større.

- Dette punktet må me få avklara fortast mogleg, skriv Huglen.

Han har hatt 600 på låvedans fleire gonger, også under sesongopninga med Vassendgutane.

Når det ellers gjeld skjenkekontrollen, som enda med ei skriftleg åtvaring for brot på vilkåra, har Huglen ingen vanskar med å akseptera at det fann stad brot på skjenketida ute sjølv om han synest at reaksjonen var streng. Brotet var ikkje gjort for å oppnå økonomisk vinning, men var ei rein forgløyming frå bartenderar si side. Det vart også retta opp at straks Huglen var klar over det. Gjestene kunne dessutan gått inn for å kjøpa dei samme varene.

Men hvis åtvaringa frå rådmannen går på tydeleg rusa personar, overskjenking, antall gjester med meire har Huglen store problem med å akseptera ei åtvaring. Han er overtydd om at dei på desse punkta heldt seg innanfor vilkåra for skjenkeløyvet og antyder at rådmannen og han saman bør gå gjennom saka.

Huglen slår fast at Dønhaug Gjestegard tek dette med skjenking svært alvorleg og har klare alkoholpolitiske mål med opplegget. Det går ut på å få gejsten tidleg ut og avslurra seinast kl. 01.00, aldersgrense på minst 20 år, godt vaksne vakter/bartendarar og eit godt transportsystem etter arrangementa. Gjestene vil då totalt nytta mindre mengder alkohol enn dei ellers ville gjort. I tillegg har dei strengt vakthald og stenger porten seinast

klokka 23. Så langt har dei oppnådd god effekt på dette opplegget, fornøgde gjestar og artistar og ikkje bråk av noko slag.

Huglen har no også søkt om endring av skjenkeløyvet. Han ynskjer mellom anna samanslåing til eitt skjenkeløyve, uteservering fram til klokka eitt og justering av antall gjester.

Når det gjeld det siste, meiner han at låven er dimensjonert for inntil 495 gjester og viser her til byggjesak og konsulentrapport. Han kan difor ikkje forstå kvifor løyvet er sett til 250-300 personar. Dette var antall sitjeplassar og antyda første gong han søkte om skjenkeløyve. Dette antallet vil høva når dei har arrangement med matservering/middag. Under låvedansane er lokalet annleis møblert der mesteparten av arealet er eit ope område med danseolv. Hovudtyngda av borda er då nytta på uteserveringsplassen.

I dag har dei skjenkeløyve inne til 250-300 pluss 150 ute, det vil seia totalt 450 knytta til låven. I tillegg har dei løyve for 110 knytta til Dønhaugkjedlaren. Det vil seia totalt 560 gjester. Gjestene fordeler seg på begge stader med uteområdet og vil gå mellom desse. Så langt har dei sett grensa på antall billetter til 600. Dette antallet har vist seg å vera høveleg og godt innanfor det forsvarlege med omsyn til sikkerheit og kor mange gjester som nyt alkohol, held Huglen fram.

Av Ola Matti Mathisen



Magne Huglen saman med Andrea Rice på eit av suksess-arrangementa i läven i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)